


Magasin



Her dyrkast ein ny generasjon fjordstrilar

Tristan Solberg (t.v) og Niklas Kallekleiv kosa seg glugg i hel under «Snakkast på fjorden» - eit skulearrangement kor målet er, gjennom lek og læring, å gjere elevane trygge og meir informerte c

Segling, padling, roing, coasteering og berekraft stod på programmet for ein gjeng supermotiverte 8 .klassingar på Osterøy ungdomsskule.



| **ANDERS TOTLAND**

OPPDATERT: 18.SEP.2019 22:03 | PUBLISERT: 18.SEP.2019 22:03

ANNONSE



For alle dei som ikkje veit kva coasteering er:

– Det handlar om ta seg frå eit punkt til eit anna langs kysten. Ein møter utfordringar i form av bevegeleg vatn, hopp, klatreparti og [skvalpeskjer](#). Det er ein fin arena for å leike og kose seg, samstundes som ein lærer å ferdast trygt ved, i og på vatnet.

Det seier instruktør Torstein Enger i firmaet Coasteering, som på denne solfylte haustdagen heldt styr på 8. klassingane ved Osterøy ungdomsskule.

- ***Klikk på hovudbildet for å få fleire blinkskot frå den aktive dagen i Lonevåg.***



Gjennom lek og læring skal dei unge strilane bli tryggare ved, i og på vatn. Her er instruktør Torstein Enger i Sotra-firmaet Coasteering i ferd med å vise korleis utstyret skal monterast.

📷 Anders Totland



Inst i Lonevågen hadde 8 .klassingane aktivitetsdag kor dei, mellom anna, segla, padla, rodde og kasta seg på fjorden.

📷 Anders Totland

Årets hending

– Slik held de på varmen om hendene er kalde, seier Enger og gestikluerer med sirkluære bevegingar i Lonevåg, ved Gunnebo Anja.



3g nann ut og sprett ut i det kalde vannet.

– **Så kult! Dette er den kjekkaste skuledagen så langt i år, flirer Nicolai L. Eriksen (13).**

[Vil gi skolen et løft i 50-års gave](#)

00:06 / 00:49



– Ja, eg synest det er kjekt å ferdast på sjøen, og difor er det viktig å føle seg trygg. Godt og riktig utstyr er viktig, seier Jakob Lillejord (13).

– Brr, det er litt kaldt. Men ein blir van til det. For ein kjekk dag, skyt Osterøy-spelar Benjamin Tinbod Alden (13) inn frå sida.

[På klimatokt med Statsraaden](#)



Det er viktig å halde varmen i kroppen medan ein leikar seg i det kalde vatnet i Lonevåg.

📷 Anders Totland



«Eg har!»

📷 Anders Totland



Tøffingane Nicolai L. Eriksen (t.v), Jakob Lillejord og Benjamin Tinbod Alden kunne skrive under på at å hoppe og sprett ved vasskanten er mykje kjekkare enn å sitje inn i eit klasserom.

📷 Anders Totland

Berekraft-gruppa

Medan coasteering-gruppa plaskar hemningslaust i vatnet, sorterer berekraft-gruppa plast litt lenger inn i vågen.

gjere elevane viktig læring.

– Å kunne jobbe målretta mot å nå FN sine berekraftmål innan år 2030, så er det viktig for alle å gjere nokre grep. Her har me lært om nedbrytbar plast, det å samarbeide som gruppe og at me må handle - ikkje berre snakke om berekraft, informerer Øi.

[Frå post til post med klimabevisste ungdommar](#)

[Gjengen skal vandre fra sør til nord: – En opplevelse for livet](#)



Arne Øi i FN-sambandet på Vestlandet kom til Osterøy for å fortelje om FNs berekraftsmål. – Det er aldri for sent å lære, men me må gå frå å snakke om klimakrisa til å handle, seier Øi.

📷 Anders Totland



Ein av aktivitetane elevane skulle gjennomføre var å samarbeide med lukka auge. Gjennom kommunikasjon skulle dei konstruere formar ved hjelp av tau.

 Anders Totland



I djup konsentrasjon.

📷 Anders Totland

– Det er aldri for sent å lære, og at for at me ikkje skal bli kokt på kloden vår, så må me handle no, føyer han til.

– Og korleis er responsen?



IKKJE LOVANDU, SIKKER SEIOMT AUGJEVAREN.

Jublar over å bli del av Noreg sitt første biosfæreområde

FAKTA: FNS BEREKRAFTMÅL





Å sortere ulike typar plast stod òg på programmet.

📷 Anders Totland

Ungdommen er med

– Eg har i alle fall blitt flinkare til å bruke mindre plast. Når me går og handlar, så nyttar me berre tøynett, fortel Margrethe Sørheim (13).

– Eg har lært om ulike plasttypar. Eg har lært at det er vrient å samarbeide med auga lukka, smiler Tomine R. Kleppe (13).

Lesehestane

Kom frå Kina for å studera solcelleteknologi på Osterøy

– Så har me lært om FN sine berekraftmål, skyt Margrethe inn.

– Det er utruleg mykje unødvendig emballasje i samfunnet, så eg håper det vil bli ei endring der. Men eg synest at fleire gjer ulike tiltak for å bruke mindre plast, fortel Carina Helland (12)



Margrethe Sørheim (t.v), Tomine R. Kleppe og Carina Helland synes det er interessant å lære meir om FN sine berekraftsmål, men det henda at elevane i berekraft-gruppa skula bort på dei plaskande medelevane i coasteering-gruppa.

📷 Anders Totland

Ekte opplevingar

Utstyrt med videokamera og eit smil på lur, forevigar rektor Tor Arne Aasen hendingane i Lonevåg.

igane livst, straler han.

Ballkjolesal med eit viktig budskap




Rektor Tor Arne Aasen synest det er gjevande å sjå elevane utfolde seg i fjorden. – Det er viktig lærdom dei får. Alt frå tryggleik på sjøen, historie og klimaspørsmål, fortel rektoren.

 Anders Totland



– Det er eit flott opplegg. Ein får ekte opplevingar samstundes som elevane kosar seg. Tommel opp.

ANNONSE



| **ANDERS TOTLAND**

[Klima](#)[Miljø](#)[Osterøy](#)[Sjøfart](#)[Ungdom](#)[Klikk for relaterte artikler](#)

0 kommentarer

Kommentarfeltet er åpent kl. 07–22.

ANNONSE

SISTE FRA MAGASIN



Sprett, sprell og viktig lærdom for fjordstrilane



«Me får einast om at me e uenige i politikken, men ikkje gå på personar»



Sjekk alle sommarbilda frå Arna og Osterøy



Sjå bilda frå kraftfesten på Osterøy



Godbitane: Frå slit og ork på grusbana til slaraffenliv i Ungarn



Sjekk ut de beste lokale sykkelturene i sommer

Besøks-/postadresse:
Bygdanytt AS
Øyrane Torg
Ådnavegen 63
5260 Indre Arna

Ansvarlig redaktør:
Org.nr.: 88 90 30
372:

Fakturaadresse:
Bygdanytt AS
Pb. 8956
7439 Trondheim
mail (pdf): Invoice.8956@kollektor.no

Eirik Langeland Fjeld

Bygdanytt arbeider etter Ver varsam-plakaten sine retningslinjer for god presseskikk. Om nokon meiner seg utsett for urettvis omtale, oppfordrar vi først til å ta kontakt med redaksjonen. Ein kan også kontakta Pressa sitt faglege utval (PFU), som er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. PFU behandlar klager mot pressa i presseetiske spørsmål. E-post: pfu@presse.no

Liker

RSS: [Nytt Kultur Sport Meinung](#)

[Personvernpolicy og informasjonskapsler \(cookies\)](#)

Kontaktinformasjon:
Sentralbord: 55 53 57 70
Fax: 55 53 57 80
E-post: bn@bygdanytt.no
TIPSTELEFON: 94 85 37 28